



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748
Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
fmavjh@statsforvalteren.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2022/8938-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 31.10.2022

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Verneområdestyret for SVR		08.11.2022

Offentleg ettersyn. Detaljregulering for Lundane hyttefelt. Bykle kommune.

Forvalters innstilling

Verneområdestyret syner til offentleg ettersyn av *Detaljregulering for Lundane hyttefelt*.

Føreslått arealbruk innafor delar av planområdet er i konflikt med verneføresegna for *Hovden Landskapsvernombord* og *Vidmyr naturreservat*. Planen vil såleis ikkje kunne gjennomførast før det eventuelt er gjeven ein dispensasjon frå verneføresegna. For at det skal kunne gjevest ein slik dispensasjon er det ein føresetnad at tiltaka ikkje strir mot verneføremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig jamfør naturmangfaldslova § 48. Grunna ei strengare verneform vil det vera ein høgare terskel for å tillate inngrep i naturreservat enn i landskapsvernombord. I ein eventuell dispensasjonssøknad må det særleg beskrivast plassering, omfang og utforming av anlegga som strekk seg inn i verneområda.

Eit alternativ til å söke dispensasjon er at planen endrast slik at den ikkje opnar for tiltak som bryt med verneføresegna. Verneområdestyret legg til grunn at for skiløyper må desse kunne etablerast utan fysiske tiltak på barmark.

I planforslaget må det beskrivast og leggast vekt på korleis tiltak utanfor verneområda vil påverke verneverdiane jamfør naturmangfaldslova § 49.



Saksopplysninger

Bykje kommune har sendt et ut planforslag for Lundane hyttefelt til offentleg ettersyn. Føremålet med planen er å legge til rette for etablering av nye fritidsbustader med tilhøyrande parkering, veg, infrastruktur, skiløyper og grønstruktur på områda mellom Hovden Appartements og riksveg 9. Planen omfattar også område ved Lundane der føremålet er å leggje til rette for skiløyper med bru over Otra og kulvert under riksveg 9 for å knyte saman løopenettet mellom aust- og vestheia.

Store delar av planområdet ligg innanfor Hovden landskapsvernombordet og Vidmyr naturreservat der verneområdestyret har forvaltningsansvar. Planforslaget med plankart, føresegns og planbeskriving er tilgjengeleg på: <https://www.arealplaner.no/4222/arealplaner/236> Høringsfrist for planforslaget er sett til 30.10.2022. Verneområdestyret har fått utsett frist til 10.11.2022.

Hovden landskapsvernombordet og Vidmyr naturreservat vart både oppretta i 1986 og der ivaretaking av myr er sentral del av verneføremåla. Verneføresegna avgrensar kva som er tillate av fysiske tiltak.

Etter verneføresegna for Hovden landskapsvernombordet kap. 4 pkt. 1 er alle tiltak som vesentleg endrar karakteren til landskapet forbode. Til dømes; oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, opplag av båt, framføring av luftleidningar, jordkablar og kloakkledningar, bygging av vegar, drenering og annan form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse.

Etter verneføresegna for Vidmyr naturreservat kap. 4 pkt. 1 er vegetasjonen, også daude buskar og tre, er freda mot skade og øydeleggjring utover det som følgjer av vanleg fri ferdsel eller tiltak i medhald av punkta V og VI. Det er forbode å fjerne planter eller plantedelar fra reservatet. Nye planteartar må ikkje innførast. Treslagskifte er forbode. Vidare etter kap. 4 pkt. 3 om at det ikke må setjast i verk tiltak som kan endre dei naturlege vekstvilkåra, som til dømes oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar, jordkablar og kloakkledningar, bygging av vegar, drenering og annan form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, utføring av kloakk eller konsentrerte forureiningstilførsler, plassering av avfall, gjødsling og bruk av kjemiske plantevernmidlar

I planforslaget opnast det for fleire større fysiske tiltak i verneområda som bryt med verneføresegna. Dette gjeld:


- Kommunaltekniske anlegg
- Opparbeiding av trase for skiløype inkl. drenering, legging av bekk i røyr og fjerning av vegetasjon.
- Bygging av kulvert under rv. 9 og bru over Otra for samankopling av løopenettet mellom aust- og vestheia.

Planforslaget er i følge plandokumenta i tråd med arealdelen av kommuneplanen.

Plankartet med vernegrenser er teken inn nedanfor.



Planområde med vernegrenser.



Vurdering

Verneområdestyret gir sjeldan uttale til reguleringsplanar då slike planar som oftast ligg utanfor verneområda og normalt er avklart etter overordna plan (kommuneplan og kommunedelplanar).

Planforslaget fangar ikkje opp at mykje av planområdet ligg i verna område der det gjeld eigne bestemmingar for kva som kan tillatast. I planforslaget vert synt til arealdelen av kommuneplanen der verneområda er lagt ut som *Bandlagt etter lov om naturvern* og med bestemming om at det her gjeld *eigne føresegns og forvaltningsplanar*. Planforslaget må anten ta opp i seg dette eller det må søkast dispensasjon frå verneføresegna for Hovden landskapsvernombjøde og Vidmyr naturreservat. Sidan verneføresegna går føre arealplanar etter plan- og bygningslova kan ikkje planforslaget realiserast før slik dispensasjon eventuelt vert gjeven.

Verneområdestyret uttala seg til kommuneplanen for Bykle i møte 22.8.2018. Plan for tur - og skiløyper var del av planforslaget. I uttalen hadde ikkje verneområdestyret innvendingar til



samanbinding av løopenettet på aust -og vestheia, men utan at det konkret vart teken stilling til kryssing av skiløype under rv. 9 og bru over Otra, samt opparbeiding av skiløyper på barmark. Det kan innvendast at verneområdestyret i sin uttale til kommuneplanen burde ha føreset at ei samanbinding av løopenettet aust og vest for Otra ville krevje både bru og kulvert. På den annan side har kommunen aldri søkt om desse tiltaka og ikkje lagt fram beskriving/teikning av korleis det skulle utformast, og av kva omfang det vil krevje av inngrep i verneområda. Først ved ei detaljprosjektering vil ein kunne ta stilling til omfanget og konsekvensane av inngrep i verneområda.

Påverknad frå tiltak utanfor vernegrensa.

Av naturmangfaldslova § 49 går det fram at ved tiltak utanfor verneområde som kan få innverknad på verneverdiane skal dette leggast vekt på i avgjersla og ved fastsetting av vilkår.

Planforslaget opnar for større fysiske tiltak tett inntil vernegrensa både for Hovden landskapsvernombord og Vidmyr naturreservat. Det er stor sjanse for at slike utanforliggjande tiltak vil gi skade inn i verneområdet og såleis kome i konflikt med verneføresegna. Særleg arealinngrep på myr og i bekk må sjåast i ein større økologisk samanheng enn berre verkeområdet av tiltaka. Særleg vil drenering og omlegging av vatn i røyr kunne få negativ påverknad for vasshushaldninga til myr i omkringliggjande verna område. Endring av vasshushaldninga i myr vil også kunne endre levekåra for tilhøyrande dyre- og planteliv med risiko for at naturmangfald og naturtypar går tapt.

Oppsummering og konklusjon

Føreslått arealbruk innafor delar av planområdet er i konflikt med verneføresegna for Hovden Landskapsvernombord og Vidmyr naturreservat. Planen vil såleis ikkje kunne gjennomførast før det eventuelt er gjeven ein dispensasjon frå verneføresegna. For at det skal kunne gjevest ein slik dispensasjon er det ein føresetnad at tiltaket ikkje stirr mot verneføremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig jamfør naturmangfaldslova § 48. Grunna ei strengare verneform vil det vera ein høgare terskel for å tillate inngrep i naturreservat enn i landskapsvernombord. I ein eventuell dispensasjonssøknad må det særleg beskrivast plassering, omfang og utforming av anlegg som strekk seg inn i verneområda.

Eit alternativ til å söke dispensasjon er at planen endrast slik at den ikkje opnar for tiltak som bryt med verneføresegna. Forvaltar legg til grunn at for skiløyper må desse kunne etablerast utan fysiske tiltak på barmark.

I planforslaget må det beskrivast og leggast vekt på korleis tiltak utanfor verneområda vil påverke verneverdiane jamfør naturmangfaldslova § 49.